Dagen 19/3-1965

# Stendig er her lauvfallstider

*Når som helst kan døden møta oss på livsens alljarveg.*
*Han den unge mor kan grøta når med barnet av han dreg.*
*Ofte tek han burt ein ung. Jamt ein gamal, mødd og tung.*
*Alt og alle vil han herja. Ingen hev mot døden, verja.*

*Stendigt er her lauvfallstider i vår falne Adams ætt,*
*millionar skrik og lider, millionar døyr og dett.*
*Som ein vigvoll i eit slag, ser vårt jordliv ut i dag.*
*Medan barnesong me høyra, likferds-salmen når vårt øyra.*

*Like sidan syndefallet, hev det allstødt vore so,*
*døden tok dei alle, alle: Tusund ætter, alt til no.*
*Kvar dei for — på land og hav — gjekk dei mot si visse grav.*
*Snart til oss er turen komen. Eg og du skal fram for domen.*

*Er du budd å døden møta, om han kom i denne dag?*
*Kven skal dine lovbrot bøta: Synd og skuld og nederlag?*
*Hev di ferd på jordi synt, at ditt liv er gangbar mynt,*
*som til Himlen gjer deg verdig, rein for Gud og heilt rettferdig?*

*Stogga litt og tenk på dette, stans ved desse spursmål, du.*
*Anden talar deg til rette, om du på Hans Ord vil tru.*
*Kven kan svara for deg då, når din Gud du rømer frå?*
*No du må din Frelsar svara, eller evigt ille fara.*